



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 14.11.2017
Tid: 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Åshild Vik	Gunnar Strøm	SV
Roald Arnold Espset	Odd Arne Folkestad	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service PS 185/17
Torgeir Stensø	Planleggar PS 187/17
Siri Birkeland Solheim	Prosjektleiar eigedom PS 184/17 og OS 165/17
Asbjørn Moltudal	Rådgjevar PS 189/17
Eli Grøtta	Leiar NAV OS 164/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 182/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 183/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 164/17	Orientering om NAV
OS 165/17	Orientering om teknisk tilstandsanalyse Volda ungdomsskule
PS 184/17	Sambruksbygg mediehus og kulturhus - endeleg avklaring om kommunal deltaking
PS 185/17	Kulturminneplan for Volda kommune - offentlig ettersyn og høyring
PS 186/17	Høyring - forslag til ny lov om tru- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven)
PS 187/17	Status og finansiering av tiltak i sentrumsprosjektet - bygging av bruer og turveg mellom Volda sentrum og Presteholmen
PS 188/17	Oversendingsframlegg frå kommunestyret 26.10.2017 til formannskapet - Tertialrapport 2017
PS 189/17	Gbr 10/94 "CORNER" spørsmål om kjøp av areal
PS 190/17	Rovdefjordsambandet - teikning av aksjar
	PS 191/17
OS 166/17	Busstilbod til Høgskulen og sjukehuset - reguleringsplan E39 Volda – Furene
OS 167/17	Toalett Folkestad ferjekai
OS 168/17	Referat fra styremøte i Volda næringsforum 30. oktober 2017
OS 169/17	Invitasjon til eigarmøte i Tussa Kraft fredag 1. desember 2017 kl. 09.30



VOLDA KOMMUNE

- OS 170/17** **Svar påminning frå formannskapet i høve matpengesatsen ved Hamna dagsenter**
- OS 171/17** **Møte med Helse Møre og Romsdal - legevakt og ambulanseteneste**
- OS 172/17** **Samferdselsmøte - vegpakke Voldatunnel**
- OS 173/17** **Detaljreguleringsplan Sevrinhaugen/Doktorhaugen - vedtak i klagesak**
- PS 192/17** **Markering av den internasjonale migrasjonsdagen**
- OS 174/17** **Symjebasseng i sentrum i Volda kommune**
- OS 175/17** **Møte med Ørsta/Volda Pride**

PS 182/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Det var åtte møtande ved møtestart.

Dokument delt ut i møtet:

Symjebasseng i sentrum i Volda kommune, datert 13.11.2017

Det var ingen merknader til innkalling.

Sakliste:

Ordføraren kom med følgjande tillegg til saklista:

- Informasjon om møte med helse Møre og Romsdal vedk. legevakt og ambulansetenesta
- Samferdselsmøte i Ørsta – vegpakke Voldatunnel
- Detaljregulering for Sevrinhaugen/Doktorhaugen
- Internasjonal migrasjonsdag – støtte til deltakar
- Symjehall i sentrum i Volda kommune
- Møte med Ørsta/Volda Pride

Dan Helge Bjørneset informerte om fylkeskommunale planar kring flytting av tannlegekontor frå Volda til Ørsta.

Røysting:

Innkalling og sakliste, med tillegg frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.



VOLDA KOMMUNE

PS 183/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå sist møte den 30.10.2017 vart samrøystes godkjent.

OS 164/17 Orientering om NAV

Handsaming:

Eli Grøtta orienterte om NAV.

Sølvi Dimmen møtte kl. 13.00.

OS 165/17 Orientering om teknisk tilstandsanalyse Volda ungdomsskule

Vidar Hofset frå Xpro, orienterte om tilstandsanalyse for Volda ungdomsskule.

PS 184/17 Sambruksbygg mediehus og kulturhus - endeleg avklaring om kommunal deltaking

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret syner til Statsbygg si tilråding om å trekkje kultursal og kino ut av planane for bygging av Mediehus på høgskuleområdet. Kommunestyret sluttar seg til denne tilrådinga og finn det ikkje økonomisk forsvarleg å gå vidare med prosjektet.*
- 2. Kommunestyret vil arbeide for å styrke Volda sin regionale posisjon og kjem attende til prioritering av kino og kultursal i økonomiplanen.*

Handsaming:

Prosjektleder Siri Solheim var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.



VOLDA KOMMUNE

Tilråding i formannskapet - 14.11.2017 til kommunestyret:

- 1. Kommunestyret syner til Statsbygg si tilråding om å trekkje kultursal og kino ut av planane for bygging av Mediehus på høgskuleområdet. Kommunestyret sluttar seg til denne tilrådinga og finn det ikkje økonomisk forsvarleg å gå vidare med prosjektet.*
- 2. Kommunestyret vil arbeide for å styrke Volda sin regionale posisjon og kjem attende til prioritering av kino og kultursal i økonomiplanen.*

PS 185/17 Kulturminneplan for Volda kommune - offentlig ettersyn og høyring

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Formannskapet vedtek å sende Kulturminneplan for Volda kommune 2017-2021 på høyring og legge planframlegget ut til offentlig ettersyn, jf Plan- og bygningslova § 11-14.*
- 2. Høyringsfrist vert sett til 5. januar 2018.*

Handsaming:

Sektorsjef for kultur og service Inger-Johanne Johnsen, var til stades under handsaminga av saka.

Røysting (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 14.11.2017

- 1. Formannskapet vedtek å sende Kulturminneplan for Volda kommune 2017-2021 på høyring og legge planframlegget ut til offentlig ettersyn, jf Plan- og bygningslova § 11-14.*
- 2. Høyringsfrist vert sett til 5. januar 2018.*

PS 186/17 Høyring - forslag til ny lov om tru- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven)

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet syner til framlegget til ny lov om tros- og livssynssamfunn (trosamfunnslova) og sluttar positivt opp om lovforslaget.

Handsaming:

Sølvi Dimmen og Dan Helge Bjørneset gjekk kl. 14.55.



VOLDA KOMMUNE

Margrete Bjerkvik kom med slikt framlegg:

Formannskapet tek høyringsutkastet til vitande

Margrete Bjerkvik trekte framlegget sitt.

Røysting (sju røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 14.11.2017:

Formannskapet syner til framlegget til ny lov om tros- og livssynssamfunn (trosamfunnslova) og sluttar positivt opp om lovforslaget.

PS 187/17 Status og finansiering av tiltak i sentrumsprosjektet - bygging av bruer og turveg mellom Volda sentrum og Presteholmen

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Bygging av gangbruer og turveg mellom Volda sentrum og Presteholmen i Elvadalen vert godkjent gjennomført med ei kostnadsramme på kr 7 300 000,-.*
- 2. Kostnadane vert dekt innanfor rammene til løyving på investeringsbudsjettet – kommunal del sentrumsutvikling og vert føresett delfinansiert frå dei statlege tilskotsordningane; tettstadsutviklingsmidlane og spelemidlane med tilsaman kr 3 202 000,- samt frå lokalt næringsliv med kr 300 000,-.*
- 3. For å kunne slutføre arbeidet med detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i Hamnekvartalet – eit tiltak som utgjer ein sær s viktig del av sentrumtvinga - vert administrasjonen beden om å ta initiativ til fullføring av forhandlingane om kjøp av grunn som omfattar eit avgrensa areal inn mot Snippa. Så snart ein eventuell slik avtale ligg føre ber ein om å få framlagt sak om godkjenning og finansiering.*
- 4. Partnerskapsavtalen om sentrumsutviling i Volda mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda Næringsforum og Volda kommune gjeld fram til 2017, med oppsjon om å halde fram etter same modell etter dette. Kommunen er innstilt på å fortsette samarbeidet med partane, men seier opp gjeldande avtale frå og med 31.12.2017. Dersom ny avtale ikkje er inngått på dette tidspunktet skal vilkåra i eksisterande avtale gjelde inntil vidare fram til han vert avløyst. Eventuell overføringar/bruk av midlar frå sentrumsprosjektet til Volda Næringsforum etter 01.01.2018 må avtalast særskild.*



VOLDA KOMMUNE

- Partnerskapsavtalen skal reforhandlast og justerast m.a i høve organiserings- og finansieringsmodellen slik at det samsvarer meir med kva partane kan bidra med i prosjektet utifrå dei erfaringane som er gjort fram til no.*

Handsaming:

Sakshandsamar Torgeir Stensø orienterte om saka.

Røysting (sju røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 14.11.2017:

- Bygging av gangbruer og turveg mellom Volda sentrum og Presteholmen i Elvadalen vert godkjent gjennomført med ei kostnadsramme på kr 7 300 000,-.*
- Kostnadane vert dekt innanfor rammene til løyving på investeringsbudsjettet – kommunal del sentrumsutvikling og vert føresett delfinansiert frå dei statlege tilskotsordningane; tettstadsutviklingsmidlane og spelemidlane med tilsaman kr 3 202 000,- samt frå lokalt næringsliv med kr 300 000,-.*
- For å kunne slutføre arbeidet med detaljprosjekteringa av gatemiljøtiltak i Hamnekvartalet – eit tiltak som utgjer ein sær viktig del av sentrumtviklinga - vert administrasjonen beden om å ta initiativ til fullføring av forhandlingane om kjøp av grunn som omfattar eit avgrensa areal inn mot Snippa. Så snart ein eventuell slik avtale ligg føre ber ein om å få framlagt sak om godkjenning og finansiering.*
- Partnerskapsavtalen om sentrumsutviling i Volda mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, Volda Næringsforum og Volda kommune gjeld fram til 2017, med oppsjon om å halde fram etter same modell etter dette. Kommunen er innstilt på å fortsette samarbeidet med partane, men seier opp gjeldande avtale frå og med 31.12.2017. Dersom ny avtale ikkje er inngått på dette tidspunktet skal vilkåra i eksisterande avtale gjelde inntil vidare fram til han vert avløyst. Eventuell overføringar/bruk av midlar frå sentrumsprosjektet til Volda Næringsforum etter 01.01.2018 må avtalast særskild.*
- Partnerskapsavtalen skal reforhandlast og justerast m.a i høve organiserings- og finansieringsmodellen slik at det samsvarer meir med kva partane kan bidra med i prosjektet utifrå dei erfaringane som er gjort fram til no.*



VOLDA KOMMUNE

PS 188/17 Oversendingsframlegg frå kommunestyret 26.10.2017 til formannskapet - Tertialrapport 2017

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Formannskapet tek saka til etterretning.

Røysting (sju røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 14.11.2017

Formannskapet tek saka til etterretning.

PS 189/17 Gbr 10/94 "CORNER" spørsmål om kjøp av areal

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune godkjenner vedlagde avtale d.s 30.10.2017 mellom Volda kommune og eigar av Gnr. 19 bnr. 94 om kjøp av areal.

Dekning: Ubunde kapitalfond. Rådmannen får mynde til å korrigere investeringsbudsjettet for 2017 tilsvarende.

Handsaming:

Dan Helge Bjørneset møtte kl. 15.15.

Rådgjevar Asbjørn Moltudal orienterte om saka.

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 14.11.2017 til kommunestyret:

Volda kommune godkjenner vedlagde avtale d.s 30.10.2017 mellom Volda kommune og eigar av Gnr. 19 bnr. 94 om kjøp av areal.

Dekning: Ubunde kapitalfond. Rådmannen får mynde til å korrigere investeringsbudsjettet for 2017 tilsvarende.



VOLDA KOMMUNE

PS 190/17 Rovdefjordsambandet - teikning av aksjar

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Volda kommune teiknar seg for kr. 10.000,- i ny aksjekapital i Rovdefjordbrua AS.*
- 2. Løyvinga vert å dekke frå næringsfondet/kraftfondet slik:
Utgiftsføring:
Teneste 325, post «kjøp av aksjar». Finansiering: Teneste 325 «finansieringsinntekter».
Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200-325-120961)*

Handsaming:

Røysting (åtte røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Vedtak i formannskapet - 14.11.2017:

- 1. Volda kommune teiknar seg for kr. 10.000,- i ny aksjekapital i Rovdefjordbrua AS.*
- 2. Løyvinga vert å dekke frå næringsfondet/kraftfondet slik:
Utgiftsføring:
Teneste 325, post «kjøp av aksjar». Finansiering: Teneste 325
«finansieringsinntekter». Begge på aktuelt ansvar og prosjekt (1200-325-120961)*

PS 191/17 Orienteringssaker

OS 166/17 Busstilbod til Høgskulen og sjukehuset - reguleringsplan E39 Volda - Furene

Sølvi Dimmen møtte kl. 15:25.

OS 167/17 Toalett Folkestad ferjekai

OS 168/17 Referat fra styremøte i Volda næringsforum 30. oktober 2017

OS 169/17 Invitasjon til eigarmøte i Tussa Kraft fredag 1. desember 2017 kl. 09.30

OS 170/17 Svar påminning frå formannskapet i høve matpengesatsen ved Hamna dagsenter

OS 171/17 Møte med Helse Møre og Romsdal - legevakt og ambulanseteneste

Ordføraren orienterte om møte med Helse Møre og Romsdal HF, i samband med ny lokalisering av legevakt og ambulanseteneste.



VOLDA KOMMUNE

OS 172/17 Samferdselsmøte - vegpakke Voldatunnel

Ordføreren orienterte om status for arbeidet kring felles vegpakke med Ørsta kommune og Voldatunnel. Dette vert tema på felles formannskapsmøte med Ørsta formannskap 12. desember.

OS 173/17 Detaljreguleringsplan Sevrinhaugen/Doktorhaugen - vedtak i klagesak

Ordføreren informerte om at Fylkesmannen har gjort endeleg vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova for Sevrinhaugen/Doktorhaugen, gbr 19/24 m.fl. Vedtaket stadfestar kommunen sitt vedtak og klagen har soleis ikkje ført fram.

PS 192/17 Markering av den internasjonale migrasjonsdagen

Handsaming:

Ordføreren orienterte om saka og kom med slikt framlegg:

Formannskapet løyver inntil kr. 6000 for dekning av reiseutgifter, med dekning i formannskapets disposisjonspost.

Røysting (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføreren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 14.11.2017:

Formannskapet løyver inntil kr. 6000 for dekning av reiseutgifter, med dekning i formannskapets disposisjonspost.

OS 174/17 Symjebasseng i sentrum i Volda kommune

Notatet vart delt ut på møtet.

Åshild Vik fekk permisjon kl. 15:50.

Det var åtte røysteføre i framhald av møtet.

OS 175/17 Møte med Ørsta/Volda Pride

Fride Sortehaug informerte om møte med Ørsta/Volda Pride. Organisasjonen ynskjer å arrangere parade 11. mai 2018 i Volda. Formannskapet stilte seg positive til tiltaket.



VOLDA KOMMUNE

Møtet slutt kl. 15:55

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
15.11.2017

Sonja Håvik
konsulent